


NORSK-ESTISK KULTURNYTT

Tidsskrift for Estlands-interesserte, utgitt av
Norsk-estisk kulturlag.



Estlands nasjonalbibliotek i Tallinn

Foto: T. Farbregd

NASJONALBIBLIOTEKET

Den store bokbygningen med adresse Tõnismägi 2 er teken i bruk for fleire månader sidan. Og 11. september skjer så den offisielle opninga i høgtidlege former med mange prominente personar til stades.

Nasjonalbiblioteket er eitt av dei biblioteka i Estland som får bok-

gåver og plategåver frå Norsk-estisk kulturlag. Ei stensilert rettleiing for deg som vil gi gåver av dette slaget, får du om du vender deg per brev eller telefon til redaktøren for Kulturnytt eller til kulturlaget. Begge adressene finn du på baksida av dette tidsskriftet.

INNHALD

Folkehøgskulane 1993	3
Storm i eit vassglas?	4
Estisk statsborgarskap?	4
Lokalval 17. oktober	5
Narva	6
Industrien i Narva	6
Sillamäe	8
Miljøskule	8
Språkkunnskap	8
Jyväskylä: "Vi har fått selvtillit"	9
Estisk humor	10
Knudsen: Bergen og Tallinn	10
Sørle-Hansen: Runnel – en okkupasjonslyriker	12
Runnel: Landet må fyllast med barn	13
Byrkjemoen: Nye bøker	14
Estiske forfattarar i utlandet	15
Kalevipoeg	16
Trosterud: Språkspalta	16
Rakvere teater	18
Noarootsi	18
Fjellmaraton	18
Lybeck: Estarar i Valdres	18
Idrettsorganisasjonane	19
Brev fra Alf R. Bjercke	19
Russisk avlyttingsstasjon	20
EW blir til EST	20
Estiske frimerke	20
Eesti kroon	21
Nordisk Baltikumprogram	21
Adresselista	22

ESTLAND OG VI

Estland har i smålatne former markert 75-årsjubileet for den estiske republikken som vart utropt 24. februar 1918.

Det nyoppretta sjølvstendet var i august to år gammalt. I haust er det eitt år sidan den nye nasjonalforsamlinga tok fatt.

Det har skjedd mykje som vi kan gle oss over saman med estarane. Slutt på sensuren og mange slag undertrykking. Initiativ og innsats blir verdsette. Det er eit sydande liv og ein aktivitet alle stader som står i sterk kontrast til gammal likesæle.

Men vil Estland makta å ordna opp i dei enorme problema?

Landet er fattig. Ein stor del av dei gamle og uføre lever langt under fattigdomsgrensa. Barnefamiliane kjempar for å klara seg. Helsestellet manglar midlar. Arbeidsløysa veks. Kriminaliteten aukar. Motsetningane mellom dei ulike folkegruppene blir skarpere. Jordbruket står utan vern og blir knust av billig import. Osv. osv.

Her nyttar det ikkje anna enn å vera optimistisk. Estland skal klara det – i saman med deg og meg og alle dei andre vennene sine. Nøklane har enkle namn: arbeid, arbeid, arbeid. Og der vi kjem inn i biletet, er det: samarbeid, samarbeid, samarbeid.

Den trøysta har vi alltid, at Estland er lite nok til at det monnar alt vi gjer. Samtidig er landet lite nok til at vi som sjølv er små, kan identifisera oss med estarane og solidarisera oss med dei. Og for å tilfredsstilla den egoistiske sida vår minner vi om at det beste for Noreg også er fred og "normale" forhold i nærmarka.

Det har vore ein travel sommar. I denne bransjen er det ingen ferie. Dei fleste styremedlemmene i Kulturlaget og hundrevis av andre nordmenn har gjort viktige reiser til Estland. Vi har hatt framgang med prosjekta våre. Den humanitære hjelpa held fram. Samtidig har, i tråd med tida, utdanning og næringsliv vorte satsingsfelt. Vi er mellom anna inne både i jordbruk og skogbruk. Samarbeidet med utdanningsinstitusjonar og andre organisasjonar gjer oss hundrefald sterkare.

Bli med du også! Det er viktig at du stiller opp. Vi ser at det trengst forsert innsats enno i fleire år. Men det vil lykkast å koma over kneika.

Torodd Farbrege

FOLKEHØGSKULANE 1993

Å finna friplassar for estiske elevar på norske folkehøgskular er framleis eit hovudprosjekt for Kulturlaget. Igjen må me takka folkehøgskulane kringom i landet for den store velviljen. Me kan også gle oss over organisasjonar, staten, kommunar, fylkeskommunar og ikkje minst lokallag og privatpersonar som er med på å dra lasset anten økonomisk eller med praktisk innsats.

Førebels kjenner me til 35 elevar frå Estland som i slutten av august har teke fatt på eit skuleår i ein eller annan norsk folkehøgskule. Det er nesten like mange som i fjor då det var 39.

Både kulturredaktør **Mari Tarand** frå Estlands radio og redaktøren for Kulturnytt var i hamna i Tallinn då den store fellestransporten starta 23. august. Eit par elevar rakk ikkje å få visum tidsnok, og somme hadde ordna seg på andre måtar, men nest-



Tõnu Vanajuur tek fatt på den lange vegen til Soltun Folkehøgskole i Evensker.

leiar i Kulturlaget, **Per Martin Tvensberg**, kom neste dag til Oslo med 27 elevar på ein buss. I Oslo vart dei sette på tog og fly og bussar som skulle ta dei til skulane kringom i landet. Liksom i fjor var det **Pille Moon** som hadde gjort opplegget for transporten vidare.

Takk til lærarane

Ei stor takk går til lærarane på dei førebude kurset som Kulturlaget og Estisk Institutt i juli ordna for tredje gong i Lohusalu utanfor Tallinn. Ansvarlege denne gongen var **Mona Aasnes** og **Arild Degrum**. Dei vart assisterte av to tidlegare folkehøgskuleelevar, **Karel Zova** og **Kärt Kaljaspolik**. Takk til alle desse for innsatsen. Lektor i norsk ved Tartu Universitet, **Oddvar Støme**, hadde lagt eit stødige språkleg grunnlag for mange av ungdommane. Om lag halvparten av dei som no fekk friplass i Noreg, har gått på kursa hans.

Det er også takk vere Støme at nokre av elevane kjem frå den russiske minoriteten. Dette har på andre sida ført til mykje ekstra arbeid for samarbeidspartnaren vår, Estisk Institutt i Tallinn, som kunne hatt bruk for ein ekstra person berre til å ta seg av kontaktane med russarane, for dei har vist seg å vera uventa innflykte. **Katrin Vingel** som no tek over prosjektet etter **Piret Part**, har store oppgåver framfor seg.

Nokre av ungdommane har fått stipend som i prinsippet dekkjer alle utgiftene. Men dei fleste får det svært vanskeleg når det gjeld økonomien. I månadene som kjem, skal Kulturlaget prøva å hjelpa med månadspengar.

Økonomisk støtte viktig

Kvar elev som Kulturlaget har ansvar for, får ein viss sum i månaden. Derfor er det viktig at me har mange medlemmer og at alle betaler kontingenten sin. I tillegg har me dei siste åra gått ut med oppmoding om støtte til **Norsk-estisk studiehjelp, postgiro 0824 0295629**. Den norske givargleida har vore til nytte for mange av dei kjekke ungdommane og har gjort skuleåret i Noreg mulig for dei.

Me håper i tillegg å få ny støtte av staten for å få hjelpa opp på eit akseptabelt nivå. 500 kroner månaden står for oss som eit minimum. Ei anna sak er om me greier å nå det målet, i fjor greidde me det ikkje.

T. Farbrege

STORM I EIT VASSGLAS?

Makthavarane i Moskva brukte i juni sterke ord i fordømminga av Estland. M.a. vart det også sagt at dei russiske troppestyrkane måtte bli ståande for å verna om rettane til den russisktalande minoriteten.

Byråsjef **Hannes Walter** i det estiske forsvarsdepartementet opplyste 27. juli i intervju med den finske avisa Kalev at Russland ikkje har stansa utdraginga av tropper og at det då var att om lag 5.000 personar. Drygt ein måned tidlegare var det enno snakk om ca. 7.000. Med to års tenesteplikt blir det færre og færre menige fordi grensa i prinsippet er stengd for nye russiske rekrutter. I seinare tid er det prøvd å verva frivillige blant den russiske folkesetnaden. Dette er sjølvstendig i strid med alle reglar for åtførd mellom sjølvstendige statar. Men kva tid har Moskva brydd seg om skikk og bruk?

Pensjonerte offiserar

Ei anna sak er det at kring 10.000 pensjonerte offiserar frå sovjetarmeen har busett seg i Estland med familiane sine. Men den låge pensjonsalderen i Sovjet, er det klart at ein stor del av desse er det vi ville kalla "menn i sin beste alder" som dessutan for ein stor del er registrerte som reserveoffiserar i den russiske armeen. Dei kan innkallast til teneste "når det trengst" og til repetisjonsøvingar når dei militære leiarane får lyst til det.

Den estiske regjeringa ser alle desse som ein fare for freden og stabiliteten i landet og har i utlendingslova sett forbod mot å gi statsborgarskap eller opphalds-løyve til denne gruppa.

Kva ville du gjort?

Somme av lesarane likar ikkje problemstillinga, men vi stiller likevel følgjande spørsmål til ettertanke: Kor mange tyske offiserar med familiar trur du nordmennene ville teke imot som sine landsmenn i Noreg i 1940-åra? Det måtte vel bli om lag 50.000 for at det skulle stå i høve til folketalet. Tykkjer du Tyskland kunne krevja at offiserane skulle slå seg ned i Noreg?

ESTISK STATS-BORGARSKAP?

Utanlandsk presse framstiller ofte estarane som undertrykkjarar som ikkje vil gi dei stakkars innflyttarane statsborgarskap. Problemet er snarare at ein stor del av rus-sarane i Estland ikkje ønskjer estisk statsborgarskap. Nokre av dei har søkt russisk statsborgarskap, men ein svært stor del av dei vil ikkje nedlata seg til å søkja om noko som helst. Dei er stolte menneske som aldri har måtta søkja om nokonting så lenge dei automatisk var sovjetborgarar.

Manglande registrering

Estarane ser val av statsborgarskap som ei individuell handling. Om lag 20.000 kunne få estisk statsborgarskap gjennom ekteskap. Mindre enn halvparten har nytta den retten. Ca. 30.000 kunne få statsborgarskap fordi dei var registrerte som røys-teføre ved valet av den estiske kongressen, men berre ca. 5.000 har nytta denne retten. Til dette kjem heile 70-80.000 som kunne bli statsborgarar fordi anten dei sjølv eller foreldra var estiske statsborgarar før okkupasjonen. Det trengst berre at dei registrerer seg. Kvifor gjer dei ikkje det?

Automatisk statsborgarskap?

I forhandlingane mellom Russland og Estland har rusarane kravd at dei russisktalande innflyttarane *automatisk* skulle få estisk statsborgarskap. Dette strir mot individualistisk estisk tankegang. For det ville frå ei anna side sett vera å pådytta folk noko som dei kanskje ikkje ønskjer. Hos oss er det slutt på formyndarskapen; lat kvar og ein ta stilling sjølv, meiner estarane.

Det som på overflata ser ut som ei politisk sak, er med andre ord snarare eit psykologisk spørsmål.



EESTI 1 25s



EESTI 2 kr

LOKALVAL 17. OKTOBER

Folk viser stort sett lita interesse for dei lokale vala som skal haldast 17. oktober. Dei er trøtte og desillusjonerte. Sjølvstendet var ikkje det dei hadde trudd og ei røyst tel ofte svært lite. Mange er framleis bitre fordi folket si røyst vart neglisjert ved presidentvalet i fjor då Arnold Rüütel fekk den klart største støtta frå folket, men nasjonalfor-samlinga valde likevel Lennart Meri til embetet endå han hadde fått mindre enn 30% av røystene. Kva er då vitsen med å røysta, seier mange.

Registrering av røystarar


Estiske statsborgarar har automatisk røysterett ved kommunalvalet. Utlendingar som har budd to år i Estland kan røysta dersom dei registrerer seg. Fristen for registrering var først sett til 12. august, men sidan forlenga til 20. august på grunn av "folke-røystingane" i det nordaustlege Estland i juli som gjorde at registreringa i dei områda kom seinare i gang.

Estiskvennlege russarar

Meir enn 160.000 utlendingar kunne ha registrert seg i Tallinn, men berre drygt 80.000 gjorde det, trass i at det f.eks. i den store russiskdominerte drabantbyen Lasnamäe med 100.000 innbyggjarar var delt ut flygeblad som fortalde at rusarane hadde sjansen til å overta styringa i byen, for dei utgjer meir enn halvparten av innbyggjarane i hovudstaden. Tala på registrerte viser at russisk maktovertaking ikkje er mulig. Dessutan skal me vera klår over at mange russarar er estiskvennlege og kjem til å røysta på kandidatar oppstilte av dei estiske partia.

Paldiski problematisk

Uavhengig av toårsregelen vil ikkje russiske militære kunna røysta. Den russiske militærbasen Paldiski er så russiskkontrollert at dei estiske styresmaktene veit ikkje eingong nøyaktig kor mange innbyggjarar byen har. Truleg er det mindre enn 200 estarar mens resten er russiske militære og familiane deira. Under slike forhold tykkjast det meningslaust å halda val der.



Også for-
ureininga er
nasjonal no.

NARVA

Den estiske byen Narva er grunnlagt av danskane i 1223. Russarane bygde festninga Ivanborg ved Narva-elva i 1492 og styrde i Narva i åra 1558-81. Deretter vart det svensk by. Russarane erobra Narva på nytt i 1704. Estarane tok byen sin tilbake i 1919, og ved freden i Tartu året etter gjekk Sovjet med på å dra grensa aust for Narva.

Lagd i grus

Under andre verdskrigen vart Narva lagd i grus, og dei russiske makthavarane hindra estarane i å venda tilbake. På den måten er det blitt ein sterk russisk majoritet på nesten 70.000 av om lag 83.000 innbyggjarar. Ved folkeretninga 1989 utgjorde estarane berre 3677 menneske; resten er ukrainarar, kviterussarar, finnar, o.a. Om lag 11.000 personar i Narva har skaffa seg estisk statsborgarskap.

Etter at den estiske nasjonalforsamlinga vedtok den såkalla utlendingslova 21. juni i år, byrja ein serie hendingar som kunne verka ganske dramatiske.

"Folkerøysting"

Bystyret i Narva vedtok ei veke seinare å halda folkerøysting i byen med tanke på å gjera byen til autonomt område. Ei røysting vart halden i juli, men med lita deltaking.

Utlendingslova vil m.a. ha noko å seia for dei kring 400.000 tidlegare sovjetmenneske som no anten har statsborgarskap i nokon av dei tidlegare sovjetrepublikkane, eller som no er utan noko slag statsborgarskap.

Lova revidert

Etter påtrykk frå mange hald stadfeste ikkje president Lennart Meri den nye lova og kalla i staden inn nasjonalforsamlinga til ny drøfting av utforminga.

Nasjonalforsamlinga vedtok lova på nytt med visse endringar og presiseringar 8. juli. Det er den mest liberale utlendingslova i heile Europa.

INDUSTRIEN I NARVA

Det er gammalt nytt at ein stor del av Estlands industri ligg i Narva og dei nord-austlege områda.

Tekstil

Tekstilfabrikken Kreenholm som vart starta 1875 voks til å bli den største i sin bransje. Den hadde år 1912 ikkje færre enn 10.400 tilsette. I mellomkrigstida var det m.a. problem med råstoff frå Sovjet, og i 1939 var arbeidsstokken nede på 2.736. Under krigen la russarane fabrikk i grus saman med resten av Narva. Sidan vart han oppbygd på ny i den sovjetiske perioden og hadde på det meste 11.713 tilsette i 1971. No er det igjen problem med råvarene, og berre ein liten del av arbeidsstokken er igjen.

Møbler

Aksjeselskapet A. M. Luthers Finerfabrikk vart skipa i 1841. I mellomkrigstida var det om lag 1.700 arbeidarar ved fabrikk. Av produksjonen gjekk heile 90% til eksport, og av dette 75% til England.

Sement

Blant dei eldste industriverksemdene er også Kunda sementfabrikk frå 1870. Den vart grunnlagt av ein godseigar, men 1912 omgjord til aksjeselskap. Denne fabrikk greidde seg bra i mellomkrigstida med om-syn til råstoff fordi dei var innanlandske. Derimot vart det problem med omsetninga. Like etter fridomskrigen, omkring 1920, gjekk ca. to tredjedelar til eksport. Men Tyskland, Sverige og andre la vernetoll på den estiske sementen, og den innanlandske marknaden var liten, for det var også andre sementfabrikkar i Estland. Kundafabrikk produserte 1976 over ein million tonn sement og hadde dessutan ein omfattande produksjon av eternittplater og anna bygningsmateriale.

Rahva Hääl 12.7.1993

HVA SKJER?

Det finner du ut om du leser **Norsk-estisk kulturnytt**. Tidsskriftet kommer ut med ca. fem nummer per år. Abonnementetsprisen for 1993 er kr 100.

Andre tilbud, som også kan bli en fin presang til dine venner:

Same hav i oss alle, dikt av Jaan Kaplinski, gjendiktet av Turid Farbregd. 183 s. Gyldendal, 1988. Belønnet med Bastianprisen. kr 100,-

Varulven og andre estlandske eventyr, innbundet, 112 s. Norsk Barneblads Forlag, 1982. Illustrert av Vive Tolli. kr 30,-

Dyade nr. 6, 1987. Temahefte om Estland og estisk kultur. 72 s. kr 30,-

Barn av vind og vatn. Repr. av Kaljo Põllu, tekster av Jaan Kaplinski. 44 s. kr 50,-

Tallinn bykart med register, buss- og trikkeruter. kr 30,-

Estonia, 109 s. Tallinn 1992. Illustrert og med engelsk tekst. Innføring i språk, kultur, religion, historie, befolkning, sosiale forhold, politisk system, økonomi osv.: kr 30,-

English-Estonian Dictionary, 440 s. Tallinn 1988. kr 100,-

Estonian-English Dictionary (Saagpak) Den største eksisterende ordbok over estisk språk. 1180 s. kr 400,-

Send bestillingen til Norsk-estisk kulturlag, Harbitzalléen 24, 0275 Oslo.

Jeg bestiller herved:	Abonnement på Kulturnytt for 1993	kr 100,-
.....stk Same hav i oss alle	à kr 100	tilsammen kr.....
.....stk Varulven	à kr 30	tilsammen kr.....
.....stk Dyade 6, 1987	à kr 30	tilsammen kr.....
.....stk Barn av vind og vatn	à kr 50	tilsammen kr.....
.....stk English-Estonian Dictionary	à kr 100	tilsammen kr.....
.....stk Estonia	à kr 30	tilsammen kr.....
.....stk Tallinn bykart	à kr 30	tilsammen kr.....
	+ porto	kr.....
	Totalt	kr.....

Navn (tydelig):.....

Adresse:.....

Poststed:.....

SILLAMÄE

Den andre "opprørabyen" i tillegg til Narva, er Sillamäe. Om den har folk flest berre visst to ting: i den byen misser barna håret og Sovjet hadde ein stor kjemisk fabrikk der. Dei nærare detaljane kring produksjonen har vore hemmelege.

I historiske kjelder er Sillamäe nemnd første gongen i 1502, men då var det ikkje anna enn eit vertshus der. På 1700-talet kom det ei kvern i tillegg. I siste del av førre hundreåret vart Sillamäe ein populær feriestad for folk frå St. Petersburg.

Industribygginga kom i gang for alvor med eit oljekonsern i 1927; det hadde delvis svensk kapital og nytta estisk oljeskifer som råstoff. Då krigen braut ut, hadde Sillamäe alt 2.600 innbyggjarar. Krigen gjorde den nordaustlege delen av Estland nesten rein for estarar, og Sovjet la til rette for massiv innvandring austfrå. Bystatus vart gitt i 1957.

Sillamäe har no 22.000 innbyggjarar, av desse om lag 500 estarar. Liksom Narva har verna om sin Lenin står det framleis også her ein diger Lenin-statue utanfor den kjemiske fabrikk. Industrien, som var ein del av det sovjetiske produksjonsapparatet, ligg no nede, og arbeidsløysa i byen er stor. Avfallsstoffa frå industrien ligg der framleis. Giftsjøen utanfor Sillamäe gir styresmaktene mareritt både i Finland og Sverige. Kva hender med Austersjøen dersom demningane brest?

Då barna i Sillamäe for nokre år sidan miste håret, vart det gissa at det hadde samanheng med forureining og radioaktivitet. No blir det snakka om ein infeksjon av eitt eller anna slag, og håret har vokse ut igjen.

MILJØSKULE

I oktober byrjar undervisinga ved Sillamäe miljøcollege. Det er ein privat institusjon for utdanning av miljøarbeidarar. Hovudspråk ved skulen blir russisk, men fordi ein reknar med at dei ferdige miljøteknikarane skal arbeida i Estland, vil det dagleg bli undervist både i estisk og engelsk.

Planen er å ta opp 70-90 elevar som det finst internatplassar for i Sillamäe. Det er inga opptaksprøve, men den som vil bli oppteken, må møta til samtale og vera villig til å betala 300 kroner månaden.

Lærarane er hovudsakleg forskarar frå Tallinn, St. Petersburg, Moskva og Tartu. Ein vonar dessutan å få gjesteførelesarar frå vestlege land.

Det første året blir det bare undervist i fellesfag som i tillegg til språk m.a. omfattar miljølære, økonomi, fysikk, biologi, kjemi. Det blir dessutan lagt vekt på estetikk og estisk kultursoge. Spesialiseringa byrjar andre studieåret. Samla studietid er 3 år og 3 månader.

SPRÅKKUNNSKAP

Er det verkeleg ingenting nytt under sola?

Dersom ein tek for seg estiske aviser frå første del av 1980-åra, er det ein klage som går igjen: "Estarane kan ikkje russisk!" Skuleelevane kunne ha gode karakterar i faget, men i praksis var dei utan evne til å kommunisera på russisk. Under det sovjetiske regimet var kunnskap i russisk eit ufråvikeleg krav på mange arbeidsplassar. Men det eksisterte inga lov eller nokon paragraf som stilte krav om estiske kunnskapar!

No er det altså innflyttarane, både rusarar og andre, som får framfor seg kravet om å kunna estisk i mange yrke. Dessutan skal dei nå det språklege nivået til ein tre-åring før dei kan bli statsborgarar.

Massemedia har for det meste gitt irriterte eller himmelfalne reaksjonar på innflyttarar som kan ha budd i Estland i årevis utan å ta til seg noko av språket. Gløymde blir ofte dei som har framifrå språkkunnskapar. Dei er ikkje reint få dei heller. Og det blir stadig fleire etter kvart som innflyttarane byrjar sjå på seg sjølve som estlendrarar meir enn sovjetarar. Estland har no over 100.000 statsborgarar med eit anna morsmål enn estisk.



Pirkko Jyväkorpi:

"VI HAR FÅTT SELVTILLIT"

– Vi lever i en inspirerende tid i Estland. Kvinner tar større sjanser enn før og ved mange avgjørelser har kvinner vært i en avgjørende posisjon, sier **Krista Kilvet** som er leder for Eesti Naisliit (Estlands kvinneforbund) og medlem av nasjonalforsamlingen. Ifølge henne har kvinnene fått større selvsikkerhet.

Til tross for øket selvsikkerhet synes Krista Kilvet at kvinnene altfor ofte undres om de "kan" eller "får" handle slik eller slik.

– Mange kvinner mangler fortsatt mot til selvstendighet. Rent allment er kvinnens stilling under utvikling, og det viktigste er muligheten for valg. Under alle forhold må også kvinnene kunne bestemme hva de har lyst til. Unge kvinner med familie ønsker ofte å bli værende hjemme. Denne avgjørelsen må en respektere. Velger kvinnen politikk og jobb, må også dette valget respekteres, forklarer Krista Kilvet.

Med gjeldende lovgivning blir en kvinne som velger hjemmet, uten alderspensjon. Nasjonalforsamlingen, Rigikogu, drøfter blant annet en lov om pensjoner.

– Vi diskuterer pensjonsloven. Det er smått med penger, og kvinnene og pensjonistene venter på den nye loven. Uten ny lov og uten penger kan ikke kvinnene bli hjemme.

Det sitter til sammen 101 representanter i nasjonalforsamlingen, av disse er 12 kvinner. Tre av ministrene er kvinner; det vil si femteparten av regjeringen. Kvinnene har begrensede muligheter til å øve noen innflytelse i den nåværende samfunnsmessige situasjonen som er preget av forvandling og økonomiske vansker.

En likestillingslov blir forberedt

Krista Kilvet er estisk kontaktperson for Nordisk Ministerråds storstilte prosjekt, Nordisk Forum. Dette er en arena for likestilling. Krista har skaffet seg likestillingslover fra alle de nordiske land for å sette seg inn i denne lovgivningen. Estland har enda

ikke noen slik lov, og ordet likestilling har fått en noe negativ klang.

– I sovjetperioden var alle i prinsippet like og det var ingen forskjell på menn og kvinner, forklarte **Hille Karm**, redaktør for bladet Eesti Naine (Den estiske kvinne) da hun i mai holdt et foredrag i Helsingfors om kvinnens stilling. Likhet blir oppfattet som en side ved det totalitære systemet som det nå er viktig å komme bort fra.

En likestillingslov kommer likevel til å bli utarbeidd. Krista Kilvet håper å kunne arrangere et likestillingsseminar i Tallinn til høsten. Til seminaret vil hun gjerne ha deltaking av alle likestillingsministrene i Norden.

Forum er en åpen arena

Nordisk Forum vil bli holdt 1.-6.8. 1994 i Åbo i Finland. Lederen for den finske prosjektkomiteen, riksdagsmedlem **Kaarina Dromberg**, beskriver arrangementet i Åbo som et åpent forum som vil reflektere et fullstendig bilde av alle de nordiske land. Temaet blir "Kvinnens liv og arbeid – glede og frihet", og det er vidt nok til å åpne for mange slags virksomheter. Det er besluttet at i tilknytning til Forum vil de nordiske likestillingsministrene holde en offisiell konferanse. Bak de andre arrangementene vil det stå forskjellige personer og organisasjoner.

Forrige kvinneforum ble holdt i Oslo 1988. Det lever videre blant annet som et nettverk av kvinnelige forskere. *forts.*



Krista Kilvet

forts.

– Jeg håper at kvinneforskerne kommer til Åbo også. Nedbyggingen av velferdsstaten representerer en stor utfordring både for forskerne og for "vanlige" kvinner. Kvinnenes arbeidsplasser står i fare, konstaterer Kaarina Dromberg. For eksempel har Finland i løpet av et år kuttet ut titusener av arbeidsplasser i den offentlige sektoren. Den private sektoren forbereder store såringer.

Nordisk Forum blir oppbygd i alle de nordiske land og i Baltikum. Norsk sekretær og kontakt er **Gerd Gjosund** som også deltok på kvinneforumet i Oslo.

Oversatt fra finsk av Roar B. Lilleeng

ESTISK HUMOR

◊ Katten var på musejakt, og musa smatt inn i holet sitt. "No ventar eg her til katten går sin veg," tenkte ho. Med det same høyrdde ho hundegøying. "Ja, no er ikkje katten der lenger," meinte ho og stakk ut hovudet. Katten hadde ikkje rikka seg av flekken og no hogg han kloa i musa. "Ja," gliste han, "eg har alltid sagt at det er nyttig å kunna framande språk!"

◊ Faren klagar for vennen sin: "Son min lyder meg ikkje lenger; han høyrer berre på alle moglege idiotar. Kunne du hjelpe meg og snakka til han?"

◊ Klaverkunstnaren spelar med ryggen mot salen. Mannen spør kona si: "Er det Mozart?"

"Eg veit ikkje," kviskrar ho tilbake, "me må venta til han snur seg så me ser andletet på han."

◊ "Fredag den 13. mista eg lommeboka, og endå er det folk som påstår det er overtru at det skulle vera ein uheldig dag!"

"Men tenk på finnaren du!"

Prosjektleder Kari M. Knudsen:

BERGEN OG TALLINN

Samarbeidsprosjektet mellom Bergen by og Tallinn, der også Novgorod i Russland er med, er nå godt i gang. I februar i år bevilget det norske utenriksdepartementet midler til å gjennomføre prosjektet.

I første fase av prosjektet var hovedoppgaven å finne fram til prioriterte områder for samarbeid. Utvelgingen av delprosjekter ble foretatt ut fra de behov Tallinn har for utvikling i infrastruktur og service overfor befolkningen og den spesielle ekspertise Bergen kommune har.

Ordførerne i de tre byene undertegnet den 26. mai i år en protokoll for det videre arbeid, og de enkelte prosjektene ble stadfestet.

Byplanlegging

Prosjektene i Tallinn dreier seg først og fremst om byplanlegging og byutvikling. Vi skal ta for oss Lasnamäe-området og lage en plan for hvordan dette boligområdet kan få en bedre infrastruktur og vedlikehold i tillegg til servicetilbud for befolkningen. Dessuten skal vi se på mulighetene for næringsvirksomhet som et tilbud til beboerne. Bergen har de siste årene gjennomført et omfattende prosjekt i utbedringen av et boligblokkområde som dog er i betydelig mindre målestokk. Noen av problemstillingene var imidlertid relativt like. Målet er å gjøre Lasnamäe til et bedre område å bo i.

Byadministrasjon

I forbindelse med planleggingen av det arbeidet som må gjøres i Lasnamäe, vil vi se på planprosessen i byplanavdelingene i Tallinn byadministrasjon og hvordan planprosessen kan organiseres.

I tillegg til disse to prosjektene vil vi gi innspill til hvordan forurensningsproblemene i havneområdet kan løses.

Prosjektet har dessuten som målsetting å skape økt privat virksomhet i Tallinn og økt handel med Norge.

Kari M. Knudsen

----- Klipp fra og send inn -----

Til Norsk-estisk kulturlag, Harbitzalléen 24, 0275 Oslo.
Postgiro 0823 0985414.

Jeg vet at Norsk-estisk kulturlag arbeider for å spre kjennskap til estisk språk, kultur og andre forhold, og for å styrke vennskapen og bygge ut allsidige kontakter mellom det norske og det estiske folket. Jeg er klar over at det er en forening som ikke lover medlemmene personlige fordeler, men som tvert om ønsker medlemmer som er villige til å yte noe til beste for foreningen og dens formål. Jeg melder meg som som aktivt medlem ___ /støttemedlem ___ og betaler medlemspengene (kr 100 for 1993). På grunnlag av de opplysningene jeg gir om meg selv, kan kanskje foreningen finne et felt der jeg også kan bidra på andre måter.

Jeg er født år 19..... Utdannelse:
Yrkeserfaring:
Interesser, hobbyer:
Navn: Yrkestittel:
Adresse: Telefon:
Dato: Underskrift:

Jørgen S.-Hansen:

RUNNEL – EN OKKUPASJONS LYRIKER

Den sovjetiske okkupasjonen betydde stagnasjon og død for en estisk litteratur med kunstnerisk verdi. En stor del av forfatterne flyktet til Vesten og de gjenværende skrev under tvang.

Så skjedde det viktige gjennombrøttet i 1960-åra da en ny generasjon stod fram. Den bestod av forfattere som var født omkring 1940. Når vi ser bort fra et enkelttilfelle som "the grand old man" **Jaan Kross** (f. 1920), ble dette også den generasjonen som først nådde ut over Estlands grenser i større grad.

Mest kjent er av gode grunner **Jaan Kaplinski** (f. 1941) som også er representert med et stort diktutvalg på norsk, *Same hav i oss alle*. Han er den mest internasjonale og universelle.

Hando Runnel (f. 1938) kan nok oppvise visse likhetstrekk med Kaplinski. Men egentlig er de to forfatterne forskjellige også der en tror seg å finne likhet. F.eks. spiller naturen en viktig rolle for begge. Hos Kaplinski finner en elementer av panteisme og mystisisme, mens Runnel spiller bondesønnens kjærlighet til den fedrende jord.

Om vi går til forskjellene, er det mest iøynefallende Kaplinskis åpne stil i motsetning til Runnels underfundige

ironi og nådeløse sarkasme. Dikta utstråler livslyst og livskraft, de er fulle av sitater og allusjoner med tilknytning til estisk kultur og historie. Når Runnel her blir karakterisert som okkupasjonslyriker, henger det sammen med at hans styrke var det hemmelige språket og den felles erfaringsbakgrunnen han delte med det undertrykte folket sitt. Mesteparten vil være uforståelig for en ikke-ester, og store deler blir etter hvert mer fremmede også for esterne i den nye situasjonen med politisk selvstendighet og opphevet sensur.

Nå når Runnel kan skrive fritt, har han steget ned av den vingede hesten og er i stedet blitt universitetsprofessor.

Om han gjør dikterisk "comeback", kan være usikkert. Friheten har tatt bunnen ut av forfatter-skapen. Posisjonen er likevel så grunnfestet at det aldri vil bli mulig å skrive estisk litteraturhistorie uten å nevne Runnel som en av de mest betydningsfulle lyrikerne i perioden 1965-1990.

Kaplinskis store toleranse har sammenheng med hans religiøse ærefrykt for livet. Hans menne-skevennlige og forsonlige holdning til russerne i Estland har gjort han vanskelig å svelge for mange superpatrioter. De sverger heller til Runnel som holder den estiske fane høyt hevet. Men sjøl om både Kaplinski og Runnel har gått foran med godt eksempel, så er ikke den nasjonalistiske oppfordringen om å fylle landet med barn blitt foreldet siden den ble trykt i 1982. Fødselstalla er i 1993 igjen på vei nedover og gjør mange urolige for folkets framtid.



Hando Runnel:


Landet må fyllast med barn

og fyllast med barnebarn
og med barnebarnsbarn
landet må fyllast med barn
med songar og med barn
og alt skal vi forfølge
som er framandt eller fiendsleg
som er fiendsleg eller falskt
og kjempe der det er råd
der det er råd og der vi må
for heile livet er fast i tida
til barna etterlet vi framtida
og landet og heile fortida
landet må fyllast med barn
og med barnebarnsbarn
når det som vil vere
og inn i framtida bere
så må vi fylle landet med barn
landet sjølv med eigne barn
og med songar og med barn
landet må fyllast med barn

Fagert, fagert fagert er landet
fagert er landet som
eg elsker

Frå samlinga *Punaste õhtute purpur* (Raude kveldars purpur), Tallinn 1982. Gjendikta av Turid Farbrege. Tidlegare trykt i "Vinduet" nr. 4, 1983.

Jan-Ivar Byrkjemoen:



NYE BØKER

♦♦♦ Sverre Jervell, Mare Kuk, Pertti Joenniemi (red.): *The Baltic Sea Area. A Region in the Making*. Utg. av Europa-programmet i Oslo i samarbeid med Östersjöinstituttet i Karlskrona, 1992, 241 s.

♦♦♦ Pertti Joenniemi & Peeter Vares (red.): *New Actors on the International Arena: The Foreign Policies of the Baltic Countries*. Utg. av Tampere Research Institute, 1993, 227 s.

De to bøkene er samlinger av artiklar skrevet av samfunnsvitere og forskere fra flere land. Kommentarene nedenfor bygger på anmeldelsen til Kristian Gerner i tidskriftet *Nordisk Øst-forum* nr. 2, 1993.

Begge bøkene understreker et faktum som ofte blir glemt, nemlig at de tre baltiske land er svært ulike både når det gjelder politikk, økonomi og utenrikspolitisk orientering. "De forstår ikke varandras språk og saknar efter ryskans detronisering ett gemensamt *lingua franca*. Dessutom är de inte särskilt intresserade av att samarbeta med varandra."

En gjennomgående tendens er det også at de som skriver om Baltikum mener at de selv er i stand til å gi råd om mer fornuftige problemløsninger. Som eksempel på dette nevnes det at "Joenniemi varnar de baltiska ledarna för konsekvensarna av en aggressiv, högljudd utrikespolitikk, vilken inte passar småstater, som gränsar till en stormakt."

En og annen leser vil ha møtt Mare Kuk fra Tallinn som har hatt forskerstipend til Oslo og her også opptrådt som gjesteforeleser. Hun mener at den nye tenkemåten som er nødvendig for å refor-

mere Estland, trenger en generasjon før den kan bli en avgjørende politisk kraft. En annen av hennes teser er at ganske mange russere kommer til å utvandre fra Estland fordi det som engang brakte dem dit, nå ikke lenger fins. De søkte en bedre leve-måte, men den kan de i den nye situasjonen bare oppnå gjennom hardt arbeid (om en altså ser bort fra vinning av kriminell virksomhet).

Sammenfattende sier Gerner: "New Actors on the International Arena" har mera karakter av aktuelt debattinlegg av normativt slag, medan *The Baltic Sea Area* ger både historisk djup och ett brett tematisk perspektiv på förhållandena i Östersjöregionen. Båda bokprosjekten är berömvärda som framgångsrika försök att börja skapa en forskargemenskap kring Östersjön."

♦♦♦ Anatol Lieven: *The Baltic Revolution. Estonia, Latvia, Lithuania and the Path to Independence*. Yale University Press. 454 p.

♦♦♦ Mart Laar: *War in the Woods. Estonia's Struggle for Survival 1944-1956*. Compass, Washington DC; distributed in the UK by New Romney, Bailey. 272 p.

Disse to bøkene er omtalt av Geoffrey A. Hosking i "The Times Literature Supplement" 9. juli i år. Anmelderen finner grunn til å takke forlaget for ei god bok som dessuten foreligger til en rimelig pris. Lieven har skrevet på grunnlag av egen forskning og erfaringer fra et tre-fire års opphold i Baltikum. Hendelsene er ført helt fram til mars 1993, og det vil vi i denne sammenheng kalle "rykende ferskt".

Den andre boka er skrevet av Estlands nåværende statsminister på et tidspunkt da han enda var "bare" historiker. Han var i slutten av 1980-åra aktiv i Fornminneforeningen (Muinsuskaitse Selts) og farta omkring i Estland på jakt etter materiale om den delen av landets historie som var bortsensurert av myndighetene. Boka hans forteller om de estiske "skogsbrødrene", eller "gutta på skauen" som vi ville sagt, og deres seige motstand mot den sovjetiske okkupasjonen. Det avgjørende slaget mot dem ble kollektiviseringen av jordbruket som fratok lokalbefolkningen mulighetene til å hjelpe motstandsmennene.

Mart Laar har nå også laget en estisk utgave av boka *Metsavennad*; den ble lansert i Tallinn 20. juli. For den språkmektige kan det være interessant å lese begge utgaver, for de er ikke identiske.

♦♦♦ Svennik Høyer, Epp Lauk and Peeter Vihalemm (red.): *Towards a Civic Society. The Baltic Media's Long Road to Freedom. Perspectives on History, Ethnicity and Journalism*. Nota Baltica Ltd., Tartu 1993, 366 p.

Dette er uten videre det en må kalle ei viktig bok. Ikke bare er det den første omfattende framstillinga på noe språk av baltisk media-historie, boka er i tillegg stort sett saklig og for det meste velskrevet – til tross for at hele 22 personer har vært involvert i prosjektet.

Særlig vil jeg her framheve det oversiktlig innledende kapitlet, "The Baltics – West of the East, East of the West." Det er skrevet av professor i mediekunnskap ved universitetet i Tartu, Peeter Vihalemm, og hans kone, sosial- og arbeidsminister i den sittende regjering, Marju Lauristin. På knapt tretti sider får vi det de fleste av oss har savnet, nemlig en kortfatta allmenn baltisk historie. De samme to har skrevet det avsluttende kapitlet "Estonia: The First Years in the Elementary School of Democracy."

Før det omfattende materialet av tabeller og kart i slutten av boka er siste ord gitt til professor Svennik Høyer fra universitetet i Oslo med "A View From the Outside."

Avisa *Dag og Tid* hadde i vår en del reportasjer fra Estland. Ottar Fyllingsnes hadde vært på reportasjereise og hadde fått mye ut av turen. Synd at han ødela inntrykket av kunnskap og innsikt med et usaklig angrep på Estland over ei heil side 15. juli. Han viser til svenske aviser som kilder. Er det noen unnskyldning at de skriver uten dekning?

Nynorskingene står ellers sterkt på i estisk sammenheng. Vi nevner til slutt at tidsskriftet *Syn & Segn* i siste nummer (nr. 3 for 1993) inneholder en balansert artikkel om russerne i Estland. Vel verd å lese.

Jan-Ivar Byrkjemoen

ESTISKE FORFATTARAR I UTLANDET

Under okkupasjonen av Estland skulle ikkje dei forfattarane omtalast som hadde flykta til andre land og var verksame der. Mange hadde ein viktig del av produksjonen i heimlandet før flukten, andre nådde toppen av skapande verksemd i eksil.

For litteraturforskarne var det problematisk å gi heilslege framstillingar når så mykje skulle døljast. Litteraturhistoriske framstillingar frå Estland utelet eksilforfattarane som på si side laga oversyn over eksillitteraturen og neglisjerte den sovjetkontrollerte litteraturen. Eit unntak var Arvo Mägi: *Estonian Literature. An Outline*, Stockholm 1968.

Den estiske PEN-klubben gav 1967 ut boka *Estonian Literature in Exile* som er skriven av Ants Oras og inneheld eit bibliografisk tillegg ved Bernard Kangro.

To bøker på estisk om eksillitteraturen har kome med 20 års mellomrom: Arvo Mägi - Karl Ristikivi - Bernard Kangro: *Eesti kirjandus paguluses. 1944-1972. With an English Summary*, Lund 1973 og Piret Kangur - Karl Muru - Ülo Tonts: *Väliseesti kirjandus*, Tallinn 1991.

No går naturleg nok alle inn for å sameina estisk litteratur utan omsyn til kvar han er skriven.

PÅ TOPP I SVERIGE

Den svenske avisa *Ekspressen* har ein gong i månaden ei liste over dei mest suksessfulle skjønnlitterære bøkene. Lista for april var toppa av Sven Delblanc, men på dei neste tre plassane kom det tre estarar! To av dei bur rett nok i Sverige og skriv på svensk. Dei tre var: Mare Kandre: *Djävulen och Gud*, Viivi Luik: *Historiens förförande skönhet* (estisk original: *Ajaloo ilu*) og Ebba Witt-Brattenström: *Ur könets mörker*.

Svensk forfatterforening fyller 100 år og forlaget Bra Böcker markerer jubileet med ei bok der 1189 forfattarar i Sverige

(og delvis Finland) gir ein kort presentasjon av seg sjølv.

Det har kome med tretten estarar. Av desse skriv **Raimond Kolk**, **Kalju Lepik**, **Arvo Mägi**, og **Valev Uibopuu** på estisk. På svensk skriv **Silvia Airik-Priuhka**, **Ülo Ignats**, **Ivo Iliste**, **Käbi Laretei**, **Enel Melberg**, **Alex Milits**, **Rein Norberg**, **Maarja Talgre** og **Jutta Zilliacus**. (Sistnemnde bur i Finland.)

Ein ser straks at mange svært kjende namn manglar, f.eks **Mare Kandre** og **Peeter Puide** av dei som skriv på svensk.

ESTISK LITTERATUR PÅ ANDRE SPRÅK

Den forfattaren som når best ut over grensene, er framleis **Jaan Kross**. *Keisarens galning*, den store romanen som betydde gjennombrøtet internasjonalt, kom i fjor på hollandsk, engelsk, dansk, spansk og portugisisk.

Dersom du alt har lese novelleutvalet *Skrubbsår* som kom på norsk 1991, kan du gå vidare med Kross-noveller på svensk i boka *Halleluja*. (1992). Omsetjarane **Ivo Iliste** og **Birgitta Göranson** har her gått inn for å samla alle dei novellene av Kross som gir inntrykk av å vera sjølvbiografiske og har handlinga lagd til mellomkrigstida, krigen og okkupasjonsperioden. Omfanget er det doble samanlikna med *Skrubbsår*. Kross har sagt ja til å delta på eit seminar på Hå gamle prestegard i april neste år, men det er uvisst om omsetjar og forlag får den neste romanen hans ferdig til dess. Arbeidet har i alle fall kome i gang.

Den sjuande fredsvåren av **Viivi Luik** legg stadig under seg nye språkområde – i fjor kom boka på fransk. Også den andre romanen av same forfattar får etter kvart stor sprenging. Han kjem på norsk i mars på Det Norske Samlaget og er samtidig ei av ekstrabøkene i bokklubben Nye Bøker. Sannsynleg tittel på norsk blir *Skremmande vakkert* (originaltittel *Ajaloo ilu*). Etter planen kjem forfattaren til Noreg i samband med lanseringa.

Arvo Valton er altfor europeisk for oss i den nordlege avkroken. Han er ikkje utgitt i noko nordisk land, men er sett om til fransk, tysk og hollandsk.

KALEVIPOEG

Det estiske nasjonaleposet *Kalevipoeg* er dramatisert og urframført i Nurmme i Finland i juni i år som eit felles finsk-estisk prosjekt. For å nemna nokre av dei estiske namn, så var stykket regissert av **Ivo Een-salu** frå Dramateatret i Tallinn. Musikk-dramaturgen **Viive Ernesaks** bygde mellom anna på musikken til **Veljo Tormis**.

Kalevipoeg vart bygt opp i 20 songar av **Friedrich Reinhold Kreutzwald** (1803-82) på tida for den nasjonale oppvakninga i Estland kring 1860. Det byggjer på folkediktinga og hadde det finske *Kalevala* som førebilete. Ein faksimilie av førsteutgåva kjem til å vera ei prioritert oppgåve for Bibliotheca Baltica (sjå omtale av dette prosjektet i Norsk-estisk kulturnytt nr. 1, 1993).

Språkspalta

Praktisk estisk

Forrige gang lærte vi å seie 'hei' (for dei som har glømt det: 'tere!' er 'hei', og 'velkommen' er *tere tulemast!*). Men kva seier vi så? Her kjem svaret, i form av ein kort tekst, speidd opp med litt allmenngrammatiske betraktningar.

Kes sa oled? Mina olen Tor. Mina olen norralane. Mina elan Oslos. Tema on minu sõber, Trond. Ta on ka norralane.

kes	kven	Oslos	i Oslo
sina, sa	du	tema, ta	han/ho
mina, ma	eg	minu	min
norralane	norsk	sõber	ven
elan	eg bur	ka	også

Tre ord mangla i ordlista, og vi kan legge til tre til og få eit heilt paradigme (*olla* 'å vera'):

mina olen	'eg er'	me oleme	'vi er'
sina oled	'du er'	te olete	'de er'
tema on	'han/ho er'	ne on	'dei er'

Estisk er altså som tysk: Ikkje berre har dei kasus, dei bøyer verba sine i person og tal også. Eit regelmessig verb er elama, 'å bu'.

Det går slik:

mina elan	'eg bur'	me elame	'vi bur'
sina elad	'du bur'	te elate	'de bur'
tema elab	'han/ho bur'	ne elad	'dei bur'

Upraktisk estisk

Ordet for ikkje i estisk er *ei*. Men dette *ei*-et er ikkje noko vanleg 'ikkje'-ord. Det er nemleg eir verb. For å sjå det kan vi gå via finsk, der nektings verbet bøyas i person og tal:

eg, du,... er ~ eg, du,... er **ikkje**:

1sg. minä olen ~ minä **en** ole

2sg. sinä olen ~ sinä **et** ole

3sg. hän on ~ hän **ei** ole

1pl. me olemme ~ me **emme** ole, ...

I estisk er det *ei* i alle tal og personar, på same måten som det er det i tysk. Likevel skil estisk seg frå t.d. tysk (ich bin nicht..., du bist nicht, ...), ved at der det tyske *nicht* lar verbet vera i fred, går det estiske *ei* aktivt inn og blokkerer all kongruens mellom verbet og subjektet. Jfr. dei positive formene *mina olen*, *sina oled* med dei nektande:

Eintal	Fleirtal
1 minä ei ole	eg er ikkje
2 sinä ei ole	...
3 tema ei ole	te ei ole
	ne ei ole

Så om *ei* sjølv ikkje kongruerer med subjektet i estisk hindrar det i alle fall hovudverbet i å gjøra det. Dermed har vi klare prov på at det oppfører seg som eit hjelpeverb.

Det virkar kanskje litt eksotisk at ordet for *ikkje* skal vera eit hjelpeverb. Verb er jo m.a. noko som har eigne former for presens og preteritum. Det har ikkje *ei* i nord-estisk og i finsk:

Estisk: minä olin ~ minä ei **olnud**

Finsk: minä olin ~ minä **en ollut**

Men *ei* har ei fortidsform i sør-estisk:

eg, du, ho er ikkje eg, du, ho var ikkje

1 ma ei ole ~ ma es ole

2 sa ei ole ~ sa es ole

3 ta ei ole ~ ta es ole

I tillegg går det sjølvsagt an å tenke seg ein kombinasjon av det finske og det sør-estiske systemet: Med bøyning av nektings verbet **både** i person og i tid. Slik er det i ein av dei estiske dialektane, Kodavere-dialekten:

eg, du, ho er ikkje eg, du, ho var ikkje

1 ma en ole ~ ma esin ole

2 sa ed ole ~ sa esid ole

3 ta ei ole ~ ta es ole

På same måten som i forrige språkspalte skal vi no dra ein parallell til Trøndelag. Denne gangen er det sørsamisk som oppfører seg som sør- og kodavere-estisk (med eigne preteritumsformer av nektings verbet), mens nordsamisk, finsk og estisk dannar ei gruppe for seg:

Sørsamisk:

eg, du, ho er ikkje eg, du, ho var ikkje

mån im leah

dån ih leah

sån ij leah

mån eedtjem lih,

dån eedtjh lih,

sån eedtji lih,

Nordsamisk:

eg, du, ho er ikkje eg, du, ho var ikkje

mon in leat

don it leat

son ii leat

mon in lean

don it lean

son ii lean

Frå samanliknande språkvitskap veit vi at allereide ururalsk hadde preteritum av nektings verbet, slik at det er sør-estisk og sørsamisk som har halde på dei opprinnelege formene. Det er altså med finskugrisk som med nordiske språk: Nydanning og bortfall skjer i sentrum av eit språkområde (Finland, Finnmark, Nordestland), og dei fullstendige paradigma står att i utkanten (Sør-estland, Livland, Trøndelag). I nordisk er det m.a. diftongar som står att i Noreg og i svensk Finland, mens dei er forsvunne i Sverige og Danmark, i det samisk/austersjøfinske språkområdet er det preteritum av nektings verbet som står att i utkantane.

Til slutt: Kjem denne trøndersk-estiske føljetongen til å halde fram? Nei! Neste gang skal vi vise at når det gjeld å spørre seg for er det **rogalendingane** og estarane som har lært av kvarandre.

Trond Trosterud

RAKVERE TEATER

Den estiske byen **Rakvere** har sidan 1940 kunna rosa seg av å vera den minste byen i Estland (og i verda?) med eit profesjonelt teater. No spørst det om landet har råd til å driva så mange teater. I Rakvere trengst det dessutan store investeringar til oppussing. Berre takreparasjonane er kostnadsrekna til 800.000 EEK. Løyvingar på 1.570.000 EEK i mai hjelper på situasjonen, med den summen kjem ein eit stykke på veg.

NOAROOTSI

Den nordvestlege delen av Estland hadde før okkupasjonen sterk svensk busetnad. Dei fleste svensktalande estlendingane flykta eller vart evakuerte til Sverige, slik at det no er berre nokre få gamle menneske med svensk som morsmål. Svensk språk har no igjen vorte eit viktig fag på skulen i **Noa-rootsi**, eller **Nuckö**, som er det gamle svenske namnet.

Bygningen til det gamle godset **Pürksi** blir sett i stand for å hysa gymnasklassane, eit nordisk bibliotek og eit arkiv med materiale om svenskbygdene i Estland. Dvs. slik er det planlagt, og det vil bli realisert om det finst pengar til det.

FJELLMARATON

Det Norske Fjellmaraton som gjekk av stabelen tidleg i juni hadde i år rekordtaking. Så mange som 4.260 gjennomførte løpet, og blant dei var det ei gruppe frå Estland.

Estarane kom til Noreg med buss og var innlosjerte på Bygdetunet i Øystre Slidre. Rotary-klubben med internasjonal kontaktperson, **Ivar Steinsrud**, organiserte alt det praktiske, og i tillegg gav lokale verksemdar velvillig støtte slik at dei estiske gjestene hadde det dei trong under opphaldet. Det Norske Fjellmaraton ved ordførar **Terje Stenseng** i Øystre Slidre let attpåtil alle estarane melda seg på utan startkontingent.

Leiaren for den estiske gruppa var **Rein Rospel** som heime er sjef for Tallinn Maraton. Initiativtakar på norsk side var **Torodd Lybeck** som vart kjend med estarane då han sprang maraton i Estland i fjor. Han har også heile skuleåret vore kontaktperson for **Kätlin Kruusojä** som i vinter var elev på Valdres Folkehøgskule. No stilte ho opp som tolk for estarane.

Og så var det idretten då. Estisk siger i kvinneklassa. Vinnaren var 27 år gamle **Kaja Mulla** som sprang frå dei andre i kraftig motvind over Valdresflya og kom inn på sluttida 3.10.45. Også dei andre estarane gjorde det godt. **Tiina Idavin** vart nummer to i klassa 30-39 år; ho er tidlegare estisk meister på ski. Den 13 år gamle **Ineke Schmidt** fekk den sterke tida 30.18 på miniton.

Oppland Arbeiderblad 7.6.93, Valdres 8. og 10.6.93.

ESTARAR I VALDRES

I tillegg til det avisene har skrive om Fjellmaraton, har **Torodd Lybeck** sendt ein rapport der me saksar nokre avsnitt. For maraton- og sykkelinteresserte som vil ha likesinna venner i Estland, nemner me at adressa til Torodd Lybeck er Kvitvællavegen 12, 2900 Fagernes.

"Estarane kom seint torsdag kveld 3. juni og var i nøyaktig tre døgn. **Rein Rospel** hadde med familien, og det var også andre familiar i følget.

Fredag var 8 år gamle **Madis Rospel** heidersgjest i 1. klasse på Fagernes skule. Klassen hans på Viimsi keskkool er nemleg vennskapsklasse for 1. klasse på Fagernes. Madis hadde med seg dei to eldre systrene sine, ei anna jente og mor si. Rektor **Knut Lome** var med oss den eine timen gjestinga vara. Estarane hadde med gaver til alle elevane, attåt to-tre bøker, ein kassett med estiske barnesongar og teksthefte. Vi song Fader Jakob på begge språk, estarane song sin nasjonalsong og vi vår. Eg hadde med ein ekstra lærar til å gjera videoopptak. Ein særly vellykka og verdifull time!

Etterpå var alle dei 30 estarane ein tur på Valdres folkemuseum. Om kvelden var det grilling på Bygdetunet. Laurdag var det Fjellmaraton. Om kvelden var dei med på

det såkalla "blemmeballet" på Beito høg-fjellshotell, der dei fekk vera med på kaldtbordet (gratis). Dei fekk også fylla dieseltanken på bussen sin gratis på Beito-stølen Esso.

Søndag var eg med dei i bussen til Lillehammer, der vi var på LOOCs info-senter, såg på hoppbakkane og langrennsstadion. Om ettermiddagen, tilbake på Bygdetunet i Øystre Slidre, vart det skipa til ein kulturkveld med folkedans, -song og -spel. Øystre Slidre spel- og dansarlag stod for den delen. Elles vart det servert mykje god og heimebakt kaffimat, og vi dansa litt før gjestene måtte pakke bussen og reise."

IDRETTSORGANISASJONANE

Det sjølvstendige Estland har tre sterke tradisjonsrike idrettsorganisasjonar. **Kalev** er den mektigaste og mest ærverdige, skipa i 1901. Dei siste åra har Kalev særleg hevda seg i korgball der A-laget vann den sovjetiske meisterskapen for siste gong før heile Sovjet rakna. Kalev har greidd seg gjennom dei politiske stormane og har halde seg som estisk organisasjon med stort sjølvstende, endå om det også er mange russarar blant medlemmane.

Russarane sin idrettsaktivitet i Estland er likevel for det meste konsentrert til **Dynamo** som for det meste dyrkar andre idrettsgreiner enn Kalev. Den tredje sentralorganisasjonen er **Jõud** (dvs. kraft) som har aktivisert dei idrettsglade på landsbygda.

Den nye økonomiske situasjonen har gitt store nedskjeringar i verksemda. Mest har det gått ut over det tradisjonsrike Kalev som har sagt opp mange i administrasjonen og selt eller leigd ut idrettsarenar, f.eks. den nyoppussa symjehallen i Tallinn.

Det framgangsrike korgball-laget er i ferd med å gå i oppløysing. Alt no er fem av spelarane engasjerte av klubbar rundt om i Europa. Det er sett fram ein tanke om samanslåing for å klara den nye situasjonen betre, men gammal rivalisering vender seg ikkje så brått til samyrke.

BREV FRA ALF R. BJERCKE

Med tillatelse fra generalkonsul Alf R. Bjørcke gjengir vi noen avsnitt fra hans brev til redaktøren.

Takk for Norsk-estisk kulturnytt nr. 2, som jeg akkurat fikk. Bladet synes meg veldig godt og informativt – lykke til med det!

Da jeg leste det utmerkete oppsettet om min far, Estlands honorære konsul gjennom 46 år, kom jeg til å tenke på mine ungdomsdager da besøk av estiske personaliteter var en del av vår hverdag i Bjørcke-familien – først i Frogner terrasse 9 og deretter i Drammensveien 111 i Oslo.

Jeg lærte bl.a. utenriksminister **Karl Robert Pusta** og hans frue å kjenne, og senere fikk jeg minister **Heinrich Laretei** som "eldre venn". Han fortalte meg og min to år yngre bror Leif, som falt i krigen i 1943, om sine opplevelser som russisk offiser i første verdenskrig.

Så lenge min far levde, var han levende interessert i alt estisk. Han hadde sitt blå-svart-hvite flagg på sølvstangen stående på sitt skrivebord til sin død i 1966. Jeg skriver disse linjene fra den samme eikepulten som også var min farfars, grosserer Alf Bjørckes, faste punkt i arbeidstilværelsen. Gamle estlendere vil kanskje ennå huske da de satt på den andre siden av den 2x2 meters pulten og hørte sin konsul fortelle historier.

En gang var det estiske landslaget på besøk og min fullstendig idrettsfremmede far satt på hovedtribunen og ble dekorert med Norges Fotballforbunds hedersmerke – gjennombrutte bokstaver i rødt, hvitt og blått. Det rapped jeg og ble sterkt beundret for den fine "pinsen" jeg hadde på oppslaget – 60 år før pins-bevegelsen slo til for alvor!

Til Tallinn kom jeg selv først i 1991, som dekksgutt på fullriggeren "Sørlandet" – og jeg nøt besøket i den gamle kulturstaden og avla også folkemuseet og Birgitta-klosteret et besøk. Jeg gleder meg til å fornye bekjentskapet – denne gang sammen med min kone.

....forts. fra foregående side
Brevet har også materiale fra Bjerckes historieforskning. Han har levert inn sin doktoravhandling og regner med å disputere til høsten.

I mine doktorstudier i historie ved Universitetet i Oslo er jeg kommet over et merkelig norsk-estisk tilknytningspunkt. Avhandlingens navn er "Husmannen på dølahesten – Kong Fredrik 5.s norske dragoner på grensevakt i Slesvig-Holstein 1758-62."

Den dansk-norske hæren på 37.000 mann ventet spent i 4 år på tsar Peter 3.s angrep. Det kom i juli 1762. Hovedstyrken på 40.000 mann og 45.000 hester marsjerte sørover fra Kolberg i Polen etter å ha vært skipet dit fra Tallinn i løpet av våren. Sjefen var generaloberst Pjotr Aleksandrovijs Rumjantsov, senere Katarina 2.s berømte feltmarskalk og generalguvernør i Ukraina.

Det ble intet av offensiven idet Katarina fengslet mannen da den dansk-norske hæren hadde krysset Trave for å møte russerne og deres reserve på 40.000 til, som marsjerte inn fra Russland. Men som nevnt, hovedhæren kom via Tallinn, og hensikten til tsaren var å ta Norge ned til Trondheim som russisk provins og legge resten pluss Danmark og hertugdømmene inn under onkelen, Georg av Holstein-Gottorp, og så sende Frederik og familien til Trankebar i India!

RUSSISK AVLYTTINGS- STASJON

Den russiske stasjonen for radioavlytting i Vana-Aviku like utenfor Tallinn er fortsatt i full virksomhet. Den var fram til september 1991 underlagt KGB, men da denne organisasjonen ble offisielt nedlagt i Estland, gikk stasjonen over til de russiske militærstyrkene. Det ble høsten 1991 inngått en hemmelig avtale mellom KGB og Estlands regjering som garanterte stasjonen arbeidsmuligheter fram til utdragningen av de russiske militære styrkene.

Ifølge eksperter kan stasjonen avlytte korbølgesendinger i praktisk talt hele Europa.

EW BLIR TIL EST

Den internasjonale standardiseringsorganisasjonen har bedt Estland skifta ut nasjonalitetskjennerket på bilane. I fridomsrusen vart EW innført som forkorting av den konservative forma med W i Eesti Wabariik, dvs. Republikken Estland.

Til vurdering var også postkoden EE, men forkortinga EST er nok den som lettast kan forbindast med Estland, eller Estonia, som det heiter på engelsk.



ESTISKE FRIMERKE

Det er to og eit halvt år sidan Estland på nytt var fritt nok til å gi ut egne frimerke. På den tida har det kome ut nesten 50 merke. Dei to siste var i verdiane 60 sent og 20 kroner, begge standardmerke med riksvåpnet.

Før utgangen av 1993 kan filatelistane enno sjå fram til fleire utgivingar: ei blokk som markerer 75-årsjubileet for estiske frimerke, julemotivmerke, eit merke til 150-årsdagen for lyrikaren Lydia Koidula og eit 2 kroners merke med Toompea som motiv i serien med festningar eller borger.

EESTI KROON

I juni var det eit år sidan Estland innførte sin eigen valuta: kroon, og ei kroon er 100 sent. Den internasjonale forkortinga for estisk krone er EEK (liksom norsk krone blir forkorta NOK).

Estland var den første som braut ut av det gamle rubelsystemet og tok i bruk eigen valuta. Ei av årsakene til suksessen er stabiliteten, og den er garantert ved at EEK er bunden til tyske mark. EEK er gangbar alle stader, noko som mellom anna har gjort slutt på dei gamaldagse valutabutikkane.

Samanlikna med Latvia og Litauen har omforminga til marknadsøkonomi gått mykje raskare i Estland der det etter kvart er investert ein god del utanlandsk kapital. Den økonomiske veksten er likevel svært skeiv. Eit tilbakeblikk halvvegs ute i året 1993 viser at nesten 90 % av dei utanlandske investeringane er gjorde i Tallinn som har rundt rekna tredjeparten av innbyggjarane i landet. Mellom anna har dette med kommunikasjonar og transport å gjera.

NORDISK BALTIKUMPROGRAM

Norske stipendtildelingar. Søknadsfrist 1.3.1993.

Estarar til Noreg

Eve Annuk 2 mnd Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Oslo.

Formål: Studera feministisk litteraturteori og -kritikk samt utviklinga av desse i Noreg. Oppretta fagkontakt mellom Estland og Noreg.

Kalju Eerme 2 mnd Institutt for astrofysikk, Universitetet i Oslo.

Formål: Setje seg inn i stratosfersik og troposferisk osonkontroll.

Ulve Kala 3 mnd Samfunnsvitenskapleg fakultet, Universitetet i Trondheim.

Formål: Sosialisering av barn og skuleelevar.

Uavklart: **Mart Kangur** 1 mnd Norsk institutt for naturforskning i Trondheim.

Formål: Berekning av den verknaden menneskeleg aktivitet har på vatnet.

Epp Lauk 1 mnd Institutt for media og kommunikasjon, Universitetet i Oslo.

Formål: Konsultera ekspertar på mediehistorie og setja seg inn i undervisningsopplegget for mediestudentar.

Ene Leik 2 mnd Frivoll vidaregåande skule i Grimstad.

Formål: Engelskoppleringa i Noreg frå grunnskule til høgskule med hovudvekt på vidaregåande skule.

Uavklart: **Ingmar Ott** 1 mnd Institutt for zoologi og botanikk, Norsk institutt for naturforskning i Trondheim.

Formål: Verknaden av menneskeleg verksemd på ferskvatn og vurdering av skaden.

Jaanus Paal 2 mnd Institutt for zoologi og botanikk, Norsk institutt for naturforskning i Trondheim.

Formål: Verknaden av nitrogengjødsling i fjellområde.

Jaani-Mati Punning 2 mnd Økologisk institutt, Norsk Polarinstitutt.

Formål: Drøftingar med spesialistar vedrørende geologien på Svalbard.

Igor Shevtsjuk 6 mnd Kjemisk institutt, Institutt for kreftforskning, avd. for biokjemi, Radiumhospitalet.

Formål: Fullføring av prosjekt.

Meelis Somelar 3 mnd Institutt for media og kommunikasjon, Universitetet i Oslo.

Formål: Samla materiale til avhandling om massemedia i Norden samanlikna med Estland.

Reservekandidatar: **Ami Jõgi**, **Raimolt Vilde**, **Tiina Nõges**, **Alar Aab**. Me vonar å koma tilbake med detaljane dersom nokon av desse rykkjer opp.

Nordmenn til Estland

Jørn Einar Holm-Hansen 3 veker i Estlands miljødepartement.

Hans Prydz 4 dagar (reisestøtte) for å delta på Biobalt-konferansen.

Nils Spjeldanes 1 veke ved Geologisk institutt, Estlands vitenskapsakademi.

Arrangement

Olaug Fostås har fått tilsagn om kr 40.000 til å finansiera besøk av ei gruppe musikkpedagogar som vil samla informasjon om det som går for seg innan organisering av norsk musikkutdanning, om metodar, undervisningsmaterieell osv.

ADRESSELISTA

Telefon- og faksnummer til Estland byrjar no med 095-372-. (Til Latvia 095-371- og til Litauen 095-370-.) Til dette kjem så innanlands retningsnummer (eks. Tallinn 2, Tartu 34, Haapsalu 47, Kuressaare 45, Narva 35, Paide 38, Pärnu 44, Rakvere 32, Rapla 48, Viljandi 43, Võru 41, osv.)

Ingen reglar er utan unntak. Trass i det som står ovanfor, er fullstendig faksnummer til den norske ambassaden: 095-372-6- 31 30 01.

Alle estiske postnummer har fire siffer. Når ein sender post frå utlandet, skal dessutan bokstavane EE førast på framfor postnummeret. Dersom du har notert eit postnummer med seks tal, f.eks. 202400 Tartu, betyr det at du har gammalt nummer, og du kan stryke dei to første av desse tala slik at du står att med EE 2400 Tartu. Framleis kan det vera ein fordel å føya til på konvolutten: "via Stockholm", eller "via Helsingfors".

Kulturlaget tek ikkje ansvar for eventuelle feil eller endringar i dei opplysningane som er gitt i adresselista.

ADRESSER I ESTLAND

Kgl. Norske Ambassade Ambassadør: Brit Løvseth
Pärnu mnt 8 Ambassadesekr.: Svein Tobiassen
EE 0001 Tallinn Tlf. 44 16 80, 44 80 14. Obs. faks: 095 372 6(!) 31 30 01

Nordisk ministerråds informasjonskontor Tlf.: 60 12 38, mobiltlf. 949 354 124
(Põhjamaade ministritenõukogu infobüroo) Faks: 44 11 13
Tolli tänav 3, EE 0001 Tallinn Leiar: Leo Salonen, sekr.: Eha Vain
NMT +358-49-207 350

Eesti Instituut Tlf.: 44 35 55, faks 69 18 77
Postkast 3469 Leiar: Kaja Tael
Sakala 3
EE 0001 Tallinn

Eesti-Norra Selts Leiar: Jaak Kangilaski, sekr.: Eha Vain
adr. og tlf. som for Nordisk ministerråds inf.ktr.

Tartu Norra Selts Leiar: Oddvar Støme
Universitas Tartuensise toimetuse Tlf. 35 180, 35 242
Ülikooli 18
EE 2400 Tartu

Põhjala-ühing (Foreininga Norden) Leiar: Sven Lindström, sekr. Merle Erm. adr. og tlf. som for Nordisk ministerråds inf.ktr.

Eesti Saami Ühendus Leiar: Andres Heinapuu
Keele ja kirjanduse instituut Tlf. 44 51 19
Roosikrantsi 6
EE 0100 Tallinn

ANDRE ADRESSER

Norsk-estisk studiehjelp postgiro 0824-0295629
Harbitzalléen 24, 0275 Oslo

Estlandsforeningen i Rogaland Tlf.: 04 - 57 57 55
v/ Willy Jensen
Gauselvågen 52, 4032 Gausel

Estlandslaget i Trondheim Leiar: Triinu Wiiburg
v/ Studentutvalget AVH Tlf.: 07 - 59 67 42
Universitetet i Trondheim Kontortid torsd kl 14 - 15
7055 Dragvoll

Den Norske Helsingforskomitéen Tlf.: 22 57 00 70
Boks 8261 Hammersborg Faks: 22 57 00 88
0129 Oslo

SOS-Barnebyer Tlf.: 22 43 71 20
Postboks 2478 Solli Faks.: 22 43 73 75
0202 Oslo Generalsekr. Ulf K. Dahl

Kulturlaget Norge-Latvija Tlf. 66 78 26 56, 67 53 19 00
Postboks 5136 Majorstua
0302 Oslo

Foreininga Norden Tlf.: 22 50 69 00
Harbitzalléen 24 Faks: 22 73 17 63
0275 Oslo Generalsekr. Harald Løvaas

Tuglas-seura Tlf.: (095-358-0-) 66 96 17
Mariegatan 8 B Faks: (095-358-0-) 66 96 15
SF - 00170 Helsingfors Leiar: Eva Lille

Estlands Ambassade Ambassadør: Arvo-Jürgen Alas
Admiralgade 20 Tlf.: 095-45- 33 15 18 62
DK - 1066 København K Faks: 095-45- 33 91 30 99

Estlands konsulat Honorær konsul: Arve Røys Stranden
Schwensengate 5 Tlf.: 22 69 88 73, faks 22 69 99 50
0170 Oslo Tlf.: konsulen privat: 67 12 48 82

Estlands Ambassade Ambassadør: Margus Laidre
Storgatan 38 Tlf. (095-46-8-) 665 65 50
S - 11 455 Stockholm Faks (095-46-8-) 662 99 80

Baltiska Institutet Leiar: Ivo Iliste
Virebergsvägen 18 Tlf. (095-46-8-) 730 0706 el. 730 0708
S - 171 40 Solna Faks (095-46-8-) 730 0709

NORSK-ESTISK KULTURNYTT

Utgivar: Norsk-estisk kulturlag (Norra-estli kultuuriühing).

Redaktør: Turid Farbregd, Granvågen 14 A 36, SF - 00270 Helsingfors, Finland, Tlf. 095-358-0- 477 1 488, faks 095-358-0- 191 25 06.

Korrektur: Gro Eikenes. **Grafisk utforming:** Trond Trosterud.

Redaksjonen avslutta 29.8. **Frist** for stoff til neste nummer: 20.10.1993.

ABONNEMENT kan ein teikna ved å senda inn kr 100 til Norsk-estisk kulturlag, postgirokonto 0823 0985414. Samtidig blir ein medlem i laget. Tidsskriftet kjem ut 4-5 gonger for året.

ANNONSAR kan bestillast hos redaktøren. Det kan også ordnast med særskilt vedlegg til bladet som har eit opplag på 1.200 og går til Estlands-interesserte over heile landet.

REDAKSJONEN tek seg rett til å forkorta innlegg. Dersom ein oppgir kjelde, kan ein fritt kopiera frå Kulturnytt.

NORSK-ESTISK KULTURLAG

Harbitzalléen 24, 0275 Oslo.

Tlf. 22 50 69 00, faks 22 73 17 63.

Postgiro 0823 0985414.

Adresser til styret (valde på årsmøtet 5. mai 1993):

Leiar:	Asbjørn Sætre Halvorsen Kolsåsstien 6, 1352 Kolsås	tlf. 67 13 31 90
Nestleiar:	Per Martin Tvengsberg Østre Disen, 2300 Hamar	tlf. 62 52 34 68
Kasserar:	Hans Peter Solheim 2256 Grue Finnskog	tlf. 62 94 55 58
Styremedlem:	Steinar S. Bergseng 2823 Biristranda	tlf. 61 18 47 29
Styremedlem:	Lars Hoff Jens Bjelkesgt. 62 A, 0652 Oslo	tlf. 22 57 08 61
Varamedlem:	Kjell Mørk Karlsen Gabelsgate 1, 0272 Oslo	tlf. 22 44 99 74
Varamedlem:	Finn Kilde Evensen Boks 194, 2301 Hamar	tlf. 62 53 25 00
Konsult.medl.:	Turid Farbregd Granvågen 14 A 36 SF - 00270 Helsingfors, Finland	tlf. +358-0- 477 1 488 faks +358-0- 191 25 06

Trykt hos Grenland Reklame A/S Skien